

Logg Ingebjørg Sæther, 18/4 2018

<https://vimeo.com/266098988>

Tidskodar: Innhald:

- 00:00:00 Født i Sauda – oppvekst i Vegårdshei, tilbake til realskule i Sauda
- 01:22:00 Industrisamfunnet Sauda
- 02:49:00 Reiste til England 18 år gammel, arbeidde der eitt år
- 03:47:00 Var litt tvil om utdanning, men bestemte meg for Telegrafistskolen
- 04:15:00 [1963, til Kristiansand – hybel i Fritz Jensensgt](#)
- 04:40:00 Halvparten av klassen var jenter – få av dei hadde fartstid
- 06:20:00 Tjue timar i veka var morsetrening – det var viktig å få inn rytmen
- 07:56:00 Til eksamen måtte me klara 100 teikn i minuttet på tekst, 80 på koder
- 08:49:00 Me kunne be om repetisjon viss me ikkje oppfatta eit teikn
- 10:03:00 Alle i klassen klarte krava
- 10:30:00 [Radiostasjonen på skulen -](#)
- 11:04:00 Me lærte også om kallefrekvens og arbeidsfrekvens
- 11:46:00 Kvar båt hadde eit kallesignal på fire teikn -
- 12:10:00 Rogaland Radio hadde kallesignalet LGB
- 12:30:00 Me hadde ei prosedyrebok
- 13:05:00 Atmosfæriske forhold hadde svært mykje å sei for kontakten
- 14:05:00 Studiebesøk på Rogaland Radio
- 15:13:00 Folk på Rogaland Radio var veldig flinke – de plukka oss opp
- 15:45:00 [Det var stor etterspørsel etter telegrafistar](#)
- 16:00:00 Fyrste båt var MT «Anco Swan». Bugge Rederi i Larvik
- 16:50:00 Reiste til Liverpool, der låg båten på reia og venta på meg
- 17:17:00 Han som eg skulle avløysa forklarte litt medan taxibåten venta....
- 19:00:00 I Atlanteren var der god kontakt på radioen
- 19:38:00 [Det var valgkamp i USA – stort opptog for Barry Goldwater](#)
- 20:17:00 Kald krig – veldig propaganda mot kommunistane
- 20:50:00 Me fekk gå i land – hugsar best New Orleans
- 22:04:00 [Det var noen få andre kvinner ombord – salongpiker](#)
- 22:50:00 Neste båt gjekk mellom Japan og Australia – reiste over Nordpolen
- 24:00:00 MS Aino – C.H.Sørensens & sønner, Arendal
- 24:40:00 [Henta kol i Newcastle, Australia – hadde god tid til å gå i land der](#)
- 25:09:00 [«Fyrst i land og sist ombord»](#)
- 25:35:00 [Mannskapet var veldig beskyttande når me var i land](#)
- 26:10:00 Det var endel synleg fattigdom å sjå i japan
- 26:25:00 Mission to Seamen i NewCastle var veldig hyggelige. Fikk venninne
- 27:15:00 [Fekk også venner i Japan – var med ein familie heim i fleire dagar](#)
- 28:02:00 Blei tatt imot med bad i ein stor stamp
- 30:10:00 Ingen minner om kald krig i japan eller Australia
- 30:45:00 [Kontakten med Rogaland Radio kunne vera vanskeleg i Asia](#)
- telegram om frakt, av- og påmønstring, proviant, bunkring, los
- 32:20:00 Mannskapslister og helsekort mm når folk skulle i land
- Me måtte og bestilla kor mykje penger me skulle ha på kvar plass
- 32:58:00 [Under land var det mest arbeid som sekretær for skipperen](#)
- 33:30:00 Det var 30-40 mann ombord, og det var rekneskap for kvar av dei
- 34:08:00 Hugsar berre ein som var misnøgd – ba han sjekka med rederiet
- 34:49:00 Utanom rekneskapet var det telegram
- 35:42:00 [Me fekk nyheiter og vermelding kvar dag -](#)
- 36:50:00 Me henta jo vermelding lokalt og – eg plukka ein gong opp melding om storm
- 37:35:00 Eg var sjøsjuk i dårleg ver dei fyrste dagane – så gjekk det over
- 38:16:00 [Miljø ombord – me hadde sosiale samvær. Mykje soling](#)

Ark1

- Golf. Ein gong laga med badebasseng
- 39:34:00 Velferden kom – Brev, aviser mm. Dei kom også ut på reia
- 40:47:00 Det var ikkje mange andre norske båtar å sjå
- 41:15:00 I Gulfen var eg ombord i ein russisk båt – dei hadde mange radiatorer
- 42:38:00 [Ein gong virka ikkje radiostasjonen – eg måtte bruka naudsendar](#)
- 44:02:00 «*Tør du dette Gnista?*»
- 45:13:00 Daglege rutinar – nødkanalane,
- 46:39:00 Fanga berre opp naudsignal ein gong
- 47:12:00 [Rekneskap – det skulle førast rekneskap for kvar mann](#)
- 48:05:00 Skipperen bestilte penger, agenten kom med dei til meg – eg delte ut
- 49:26:00 Heimreise frå Japan – misforsto - kom til flyplassen eit døgn for tidleg
- 51:18:00 Hugsar berre hovudgata i Tokyo
- 51:56:00 Det var billeg med kamera, platespelar osv – kjøpte lysbildeapparat
- 52:50:00 [Det var godt å koma heim!](#)
- 53:16:00 Enno ingen kjærast. Men mange fann kjærast ombord. Eg og – seinare
- 54:34:00 Sat på toget heimover og såg på naturen – det var så vakkert!
- 55:30:00 Flink å spare på sjøen – men pengane gjekk fort heime
Kjøpte bil – kontant - «*som andre kjøper ei colaflaske*»
- 57:20:00 [Neste tur - halvtanna år med MT Polarsol, Melsom & Melsom](#)
- 57:52:00 Gulfen – Japan – Europa. Måtte gå rundt Afrika
(33.900 tdw.)
- 58:56:00 [Dødsulykke ombord – stor bylgje slo i hel tømmermannen](#)
- 59:50:00 Eg fikk kontakt med fransk marine som hadde lege. Dei rakk ikkje fram.
- 00:35:00 Telegrafisten var viktig i ein slik situasjon – kontakt med Haukeland Sjukehus
- 01:51:00 Fekk reaksjon etterpå – det kunne lett ha gått ti mann i den ulykka
- 02:36:00 Undervannsbølge – og båten var lasta
- 02:59:00 Turen rundt Afrika tok 30 døgn, med ein liten stopp på reia i Cape Town
- 03:46:00 Det kunne røyna på psyken med slike lange turar
- 04:10:00 [Greit å vera kvinne til sjøs – men på nokre båtar var der alkohol...](#)
- 05:09:00 Det hendte at folk drakk når me gjekk frå land
Ein gong heldt me på å kollidera
- 06:38:00 [Traff mannen ombord – gifta oss etter at me kom heim](#)
- 08:18:00 Me seilte i same rederi – men på ulike båtar. I 73 var me på same båt
- 09:29:00 Merka utlengten etter at eg gjekk i land i 73.
- 10:21:00 Radiograf
- 11:05:00 [Vidaregåande – skreiv oppgåve om Nortraship og krigsseglarane](#)
- 11:45:00 Eg hadde ein krigsseglar i familien. Torpedert to ganger. Øydelagt psykisk.
- 12:45:00 Eg intervjuar ein sjømann i Kristiansand. Opptaket er tapt – men alt er skrive ned
- 13:35:00 [Reiselysta: Heit frå me var små, reiste me kvar sommar...](#)
- 14:15:00 Mannen min har seilt sidan han var 15 – alltid jobba i sjøfarten
- 15:07:00 Eg har ei teikning etter mor – av ein morsenøkkel. Eg fekk det med morsmelka
- 15:51:00 SLUTT